



Bygland kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel

2020-2032

Med hjarta i Bygland



Vedteke 14.05.2020



Innhold

Bygland – ein god stad å leve og virke	4
Utfordringar og moglegheiter for Bygland i 2020	5
Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag	10
Verdiskaping og berekraft	13
Utdanning og kompetanse	16
Kultur, idrett og friluftsliv	19
Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik	22
Vegen vidare	24
Overordna arealstrategi	25

FRAMSIDE REIÅRSFOSSEN. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ



Føreord

Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere ein viktig reiskap for utviklinga i Bygland kommune dei neste 12 åra.

I arbeidet med samfunnsdelen har det vore gjennomført fleire opne møte i alle delar av kommunen, der innbyggjarane har vore inviterte til å kome med innspel til planen. Næringsliv og skular samt ulike råd og utval har også vore aktive medspelarar i planarbeidet, så takk til alle som har bidrige i arbeidet med denne planen.

Målsetjinga med kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen, er å legge føringar for korleis me vil utvikle Bygland kommune vidare. Arbeidet med å få etablert nye arbeidsplassar, ønske om å auke folketallet, oppretthalde og vidareføre eit godt kommunalt tenestetilbod, er viktige faktorar for utviklinga av ein kommune. Planen vil derfor vere retningsgjevande for utviklinga av samfunnet vårt, lokalt og regionalt.

Bygland kommune vil vere ein raus og inkluderande kommune å bu i, og det betyr at me alle må bidra til å ta vare på kvarandre, samt gjestar som kjem til kommunen.

Eg håpar og trur at denne kommuneplanen vil vere eit godt reiskap for å utvikle kommunen slik me ønsker dei neste 12 åra.

Bygland, 24.06.2020

Sigbjørn Åge Fossdal
Ordførar

Bygland - ein god stad å leve og virke

Kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, er saman med økonomiplanen og årsbudsjettet kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Han legg langsigte føringar for kommunen si verksemd og tydeleggjer kva rolle Bygland kommune skal ha i utviklinga av lokalsamfunnet, regionen og omverda.

Bygland kommune skal vere ein god stad å leve og virke gjennom

- å vere attraktiv for dei som bur her og for nye som vil flytte til
- å legge til rette for nye arbeidsplassar og trygge dei eksisterande
- å ha gode vilkår for læring heile livet
- å utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar
- å ha gode vegar og god digital infrastruktur

RAMMER FOR PLANARBEIDET

I 2019 la regjeringa fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 for å fremme berekraftig utvikling i heile landet. Dokumentet legg føringar for innhaldet i den kommunale planlegginga. FN sine 17 berekraftsmål ligg til grunn for dei nasjonale forventningane. Regionplan Agder 2030 sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. I tillegg er det ei rekke lover og statlege planretningslinjer som legg føringar for den kommunale planlegginga.

Basert på Regionplan Agder 2030 så legg ein opp til fem tema som skal vera hovudsatsingsområde fram mot 2032:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport og kommunikasjon

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv som blir tematisert innan kvart hovudsatsingsområde:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

Utfordringar og moglegheiter for Bygland i 2020

STATUS OG UTFORDRINGSBILETE

Areal og naturforvaltning

Urørte naturområde, flotte kulturlandskap og mange kulturminne er ein viktig ressurs for Bygland. Desse kvalitetane skal ein i størst mogleg grad ta vare på og legge til grunn for planarbeidet, særleg innan arealdelen. Verna areal kan bli sett på som eit hinder, men kan vere ein ressurs med omsyn til turisme, friluftsliv og biologisk mangfald.

Klimaendringane har gjeve auka fokus på naturfarar. Det blir sett tydelege krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. Bygland har eit utprega setesdalslandskap med bratte fjellsider frå dei omkringliggjande fjell- og heieområda og ned til Otra og Byglandsfjorden. Store delar av kommunen er difor frå naturen si side bandlagt med potensiell naturfare.

Byglandsfjorden betyr mykje for innbyggjarane og blir nytta til trivsel og aktivitet i stor grad. Fjorden har eit stort potensiale for verdiskaping.

Kommunen har store ressursar innan skogbruket og har eit stort potensiale innan grøn industri. Grøn industri vil også bidra til å oppretthalde kulturlandskapet. Det er fleire småkraftverk i kommunen og nye er under utgreiing. Fornybar energi skal ikkje vere vindkraft produsert i Bygland kommune.

Folketals- og levekårsutvikling

Dei siste åra syner ei svak negativ folketalsutvikling i kommunen.

Framskrivingane til SSB syner at ein kan vente ei svak auke fram mot 2040. Auka finn ein i talet på eldre. Mange går ut av arbeidslivet og lever lengre som pensjonistar. Talet på born og unge og personar i yrkesaktiv alder er forventa å gå ned.

Kommunen har levekårsutfordringar på enkelte område. Til dømes syner Folkehelseinstituttet sin statistikkbank at andelen born som bur i hushaldningar med låg inntekt er høgare enn landsgjennomsnittet og det same er andelen innbyggjarar som mottek offentleg stønad.

Fleire eldre gjev velferdsmessige utfordringar og det blir viktig å sikre god rekruttering til arbeidslivet etter dei som blir pensjonert. Synkande elevtal gjev pedagogiske og miljømessige utfordringar.

Undersøkinga Ungdata 2019 (for ungdomsskulen og vidaregåande skule) syner at det er meir einsemd og mobbing blant ungdomane i Bygland enn i dei fleste andre kommunane i Agder. Dessutan syner ho at gutane jamt over er meir nøgd med livssituasjonen og nærmiljøet sitt enn jentene i Bygland.

UDIR si Elevundersøking 2019 (for 5-10. klasse) syner derimot at det er få som føler seg mobba på skulen og at trivselen er god.

Ei årsak til skilnaden i resultata i dei to undersøkingane, utover at det er ulik aldersgruppe, kan vere at Ungdata tek omsyn til skule- og fritid, medan Elevundersøkinga berre tek omsyn til skuletid.

Bustadutvikling

Kommunen er prega av spreidd busetting. I grendelaga er det ei blanding av fast busetnad og feriehus. Det er lite nybygg av bustader i kommunen og det er stor overvekt av einebustader i høve til leilegheiter og liknande. Dette gjer at utvalet av bustader er lite variert både med omsyn til alder og type. Hovudtyngda av nye bustader er bygd i område som ikkje er regulert til bustadføremål.

Buplikta i landbruket fungerer därleg som verkty for auka busetting. Det er mange hus og småbruk utan fast busetnad. Desse har potensiale som bustadar, men er ikkje ute på bustadmarknaden.

Sysselsetting

Det er få arbeidsledige i kommunen, men det er relativt mange med nedsett arbeidsevne. Ein stor del av arbeidsplassane er offentlege. Det er få kompetansearbeidsplassar i tillegg til at det er få moglegheiter for ufaglærde.

Dei siste åra har det vore ei satsing blant yngre innan landbruksnæringa, men næringa er likevel prega av låg innsats pr. dekar på mykje av jordbruksareala.

Skog- og trenæringa står for lokal verdiskaping, og ressursgrunnlaget gjev rom for auka utnytting.

Kommunen har lite industriverksemd, men den som er blir drive godt. Det har vore nokre nyetableringar dei siste åra.

Kultur, idrett og fritid

Det er eit aktivt lag- og organisasjonsliv i kommunen. Spesielt sommarhalvåret blir det arrangert festivalar og tilstellingar som skapar liv og aktivitet.

Kultur- og idrettsanlegga er jamt fordelt innan kommunen, og dei er i stor grad i veldig god stand. Det er god aktivitet i anlegga. Samstundes er det få uformelle møteplassar som kafear og liknande.

Det er ei utfordring å halde oppe aktiviteten når innbyggartalet er synkande.

Den gamle kulturarven i Setesdal, med handverkstradisjonar og folkemusikk, har lange tradisjonar i Bygland. I dag er denne delen av setesdalskulturen under press i møte med storsamfunnet, og grunna manglende rekruttering. Setesdal sin kulturtradisjon har fått plass på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv, og det gir store høve for å halde kulturen i hevd.



FOLKEDANS. FOTO: MARIT S. KVAALE

Oppsummering hovudutfordringar

Bygland kommune har hatt god økonomi og leverer gode tenester. Vi ser at sentrale føringar og redusert tal på arbeidsføre kan utfordre både økonomien og dei kommunale tenestene. Da er det viktigare enn nokon gong å utnytte dei menneskeleg ressursane.

Ein ser òg at frivillig engasjement og frivillige organisasjonar blir enda viktigare framover. Eit godt samspel mellom kommunen og interesseorganisasjonar er avgjerande for å lykkast.

Det er kjent at økonomiske levekår verkar inn på helsa, og at dei med best økonomi også har best helse. Det er helsefremmande å ha arbeid, fullføre skulegang og ta høgare utdanning.

Det fysiske miljøet rundt oss er grunnleggande for helse og livskvalitet, og tilgang til helsefremmande nærmiljø og inkluderande lokalsamfunn har betydning for dei store folkesjukdommane og for den psykiske helsa vår.



GÅTUR. FOTO: BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL



FRIVILLIG GLEDE. FOTO: BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL

Ein variert og attraktiv bustadmarknad er ein føresetnad for at innbyggjarane vil bli verande gjennom dei ulike livsfasane. Det krev tilrettelegging frå kommunen og vilje til å satse innan næringslivet.

Klimaet blir varmare, våtare og villare og ekstremvær vil inntrefje oftare. Dette aukar belastninga på kritisk infrastruktur som kraftforsyning, elektronisk kommunikasjon og vegnett. Gjennom ein auka grad av digitalisering aukar samfunnet si avhengigheit av dei same infrastrukturane. Utfall i kraft og elektronisk kommunikasjon vil få større konsekvensar i åra framover.

KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Økonomi

Kommunen si finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å yte eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Få innbyggjarar å dele kostnadane på gjer at kommunen har eit høgt kostnadsnivå per innbyggjar. Samstundes gjer kraftinntektene at kommunen har høge frie inntekter per innbyggjar. Basert på desse eigenskapane har KOSTRA plassert kommunen i KOSTRA-gruppe 6, mellom anna saman med Valle, Åmli og Åseral.

Bygland kommune er ein kraftkommune. Dei kraftrelaterte inntektene utgjer rundt 10-15 % av kommunen sine brutto driftsinntekter. Desse inntektene kan svinge mykje frå år til år, noko som kan gjere det utfordrande å leggje fram eit budsjett i balanse.

Fri eigenkapital er betydeleg høgare for Bygland enn for samanliknbare kommunar. Dette gir kommunen eit ekstra handlingsrom viss det skulle oppstå ekstraordinære kostnadar eit år, for eksempel knytt til vedlikehald av veg eller bygningsmasse.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter ligg på eit litt lågare nivå enn for dei andre kommunane i KOSTRA-gruppe 6. Ein forventar at dette talet vil auke til over gjennomsnittet i 2020, grunna investeringa i reinseanlegg på Bygland, for deretter gå noko ned frå 2021 og utover. Kommunen har 100 % av den langsiktige gjelda på flytande rente sidan det er det økonomisk mest gunstige på langt sikt. Dette fører likevel til at kommunen blir meir sårbar for rentesvingingar.

Kommunen sin likviditet er ein god del betre enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 6, og kommunen har følgjeleg ingen problem med å møte daglege plikter i høve til likviditet. 100 % av kommunen sine innskot er plassert risikofritt i kommunen sin hovudbank.

Tenesteyting

Det er god kvalitet på dei kommunale tenestene, og det er eit mål for kommunen å oppretthalde dette nivået. Kommunebarometeret 2019 syner at Bygland kommune blir drive godt. Innbyggarundersøkinga som vart gjennomført i 2019, syner at innbyggjarane er godt nøgd med tenesteytinga.



OMTANKE. FOTO: MARIT S. KVAALE

Kommunen står overfor meir komplekse oppgåver, som krev eit tettare tverrfagleg samarbeid og auka breidde i kompetansen i organisasjonen. Det er viktig med endringsvilje og -kompetanse for å følgje med på den teknologiske utviklinga.

Bygland kommune er sentralt plassert i Setesdal og har eit godt regionalt samarbeid med nabokommunane. I fellesskap får ein gjennomført utvikling innan samferdsel, breibandsutbygging, beredskap, inter-kommunale tenester og anna.

Forvaltning

Ei klimavenleg og berekraftig drift og forvaltning får auka fokus framover. Spesielt dei yngre er opptekne av ei berekraftig utvikling, og det pliktar kommunen å følgje opp. Klimautfordringa gjeld alle.

Gjennom klimatiltak kan kommunen verke som rollemodell og vere motiverande for omgjevnadane. Å bli 'grønare' krev investeringar innan utbetring av eksisterande bygningsmasse og innan fornybar energi. Bygland kommune skal sikre klimaomsyn i all planlegging.

frisk befolkning som bidreg til høg sysselsettingsgrad, er avgjerande for å oppretthalde eit berekraftig samfunn.

Bygland kommune skal utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon som evnar å møte utfordringar og behov på nye måtar. Kommunen skal planlegge langsiktig og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet.

Kommuneøkonomien skal styrast slik at vi kan handtere dei utfordringane kommunen og lokalsamfunnet står overfor.


Kommunen skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu her, mellom anna gjennom god planlegging.

Samfunnsutvikling

Ein kunnskapsbasert, heilskapleg og inkluderande oppvekstpolitikk gjev alle born og unge eit godt og inkluderande oppvekstmiljø, som set dei i stand til å meistre eigne liv i fellesskap med andre. Varierte kulturopplevelingar og høve til kulturutøving er ein viktig del av eit oppvekstmiljø der det er rom for alle. Frivillige enkelpersonar, lag og organisasjonar er eit sentralt bidrag. Det krev eit heilt lokalsamfunn for å gje born ein god oppvekst.

Berekraftig utvikling er eit overordna mål for samfunnsutviklinga i Noreg og internasjonalt. I det ligg det ei samfunnsutvikling som kan vare ved over tid utan at det går utover moglegheitene til noverande eller komande generasjonar. Berekraftig utvikling blir ofte beskrive ut frå dei tre dimensjonane økonomisk berekraft, miljømessig berekraft og sosiale tilhøve. Desse dimensjonane er gjensidig avhengig av kvarandre.

Offentlege utgifter, særleg til helse- og omsorgssektoren, og demografiske endringar, utfordrar eit berekraftig samfunn framover. For å møte desse utfordringane er folkehelsearbeidet viktig. Å satse på helsefremming og førebygging for å sikre ei



LONGERAK KRAFTSTASJON. FOTO: KATHE M. KJETSÅ

Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag

Framtidsbilete

I 2032 er Bygland ein attraktiv kommune å bu i, å jobbe i og besøke. Bustad-, handels-, kultur- og tenestetilbodet er variert og tilpassa innbyggjarane sine behov. Innbyggjarane opplever tryggleik, sterk tilhøyrslle og eigarskap til lokalmiljøet. All planlegging og utvikling skjer i eit berekraftig perspektiv.

Sentra er kompakte, tilrettelagte for alle og tek i vare ein stadig aukande del eldre. Fortetting i sentra og gjenbruk av bygg tek i vare både sosiale og kulturhistoriske verdiar. Det er godt tilrettelagt for å kunne røre seg utan bruk av bil i sentra og bygdelaga. Nærleik og gode møteplassar legg til rette for at ein saman kan tenkte nytt og skape verdiar.

Bygland kommune har inkluderande lokalsamfunn som legg vekt på universell utforming i alle offentlege rom. Offentlege bygg blir planlagde for sambruk og samling av fleire funksjonar, og er lokaliserte slik at sentra blir styrka og transportbehovet blir redusert. Dette gir sentra kvalitetar og tilbod som inviterer til møte mellom menneske på tvers av generasjonar, kulturar, sosial bakgrunn, funksjonsevne og kjønn.

Samarbeid om levekår og stadutvikling har bidrige til betre helse og at sosial ulikskap er jamna ut. Alle har ein kvar dag der dei blir sett og rekna med, og får høve til å delta og bidra ut i frå sine føresethnader.

Det er god tilgang på bustadar i ulike prisklassar, med innvendige og utvendige fellesareal som er tilrettelagde for å kunne bu i eigen heim heile livet.

Utviklinga av kommunen skjer gjennom langsigkt planlegging og i samsvar med lokaldemokratiske prinsipp. Dei lokale kvalitetane til kommunen blir vektlagde i utviklinga. Dugnadsvilja, engasjementet og frivillig innsats står sterkt.

Naturområda er ivaretakne for framtidige generasjonar og er ein del av kommunen sitt ressursgrunnlag og identitet. Naturmangfaldet og leveområda til sårbare arter er ivaretakne, kulturlandskapet er halde i hevd, og landbruket produserer meir enn tidlegare. I strandsona er natur- og kulturmiljøa teke vare på, og det er gode høve til friluftsliv. Samstundes har bygder og grendelag utviklingsmoglegheiter i områda. Vassførekostane i kommunen har god kvalitet.



ØRNENAPEN. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Mål og vegen til målet

Mål mot 2032	Vegen til målet
1 To sentra og levande bygdelag	<ul style="list-style-type: none"> a Legge til rette for utvikling i dei to sentra, Bygland og Byglandsfjord, og støtte opp om tiltak i bygdelaga gjennom samskaping med innbyggjarar, grunneigarar, næringer og regionale aktørar gjennom gode planprosessar. b Arbeide for «ljos i alle vindauge». c Skape lokalsamfunn som tek omsyn til familiar og einslege sine behov. d Regulere for fortetta bustadutbygging i nærliken av oppvekstsentrana.
2 Sentra har gode og inkluderande bummiljø og møteplassar	<ul style="list-style-type: none"> a Universelt utforma tilkomst til offentlege bygg og møteplassar. b Utvikle aktiviserande, trygge og inkluderande uterom og møteplassar for alle aldersgrupper gjennom mellom anna å sikre grøntområde og vassdrag. c Ta vare på organisasjonsliv og dugnadskultur. Sørge for at alle grupper vert inviterte og inkluderte. d Styrke og utvikle samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar, med fokus på innbyggjarar som treng støtte for å delta i sosiale aktivitetar.
3 Fleire har tilgang på bustad og bummiljø tilpassa livssituasjonen sin	<ul style="list-style-type: none"> a Ha oppdaterte planar som legg til rette for endringar i behov og som sikrar gode overgangar i heile livsløpet til innbyggjarane. b Lokalisere nye bustadar og tenestetilbod slik at flest mogleg har gå- eller sykkelavstand til daglege gjeremål. c Fremje større variasjon i bustadmassen med tanke på pris, storleik og eigarform. Variasjon innanfor same bustadområde fremmar sosial utjamning og gjer det enklare å «prøvebu».
4 Eit inkluderande og raust samfunn	<ul style="list-style-type: none"> a Gi like moglegheiter for alle, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion og livssyn, funksjonsevne og seksuell orientering. b Planlegge langsigktig og skape føreseielege rammer for dei som vil flytte til og etablere seg i kommunen. c Kommunen skal jobbe tverrfagleg for å redusere sosial ulikskap, særleg med tanke på oppvekstvilkåra til barn og unge. d Skape gode møteplassar mellom folk frå ulike nasjonar. e Arbeide for eit ope, inkluderande og trygt arbeidsmiljø som speglar mangfoldet i befolkninga.
5 Kommunen har eit godt omdømme	<ul style="list-style-type: none"> a Marknadsføre Bygland som ein god bukommune. b Kommunen skal gripe fatt i utfordringar tidleg, før dei veks seg store – førebyggje framfor å reparere. c Nyte, skryte av og vidareutvikle kultur- og idrettstilbodet vi har i kommunen. Dette gjeld det som skjer i nærmiljøa, i regi av lag og organisasjonar, i barnehagane og skulane som blir utøvd av barn og vaksne, av amatørar og profesjonelle. d Snakke fram dei ulike lokalsamfunna sine kvalitetar, vise fram sær preg, attraksjonar og kulturminne.



17. MAI PÅ LANDESKOGEN. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Verdiskaping og berekraft

Framtidsbilete

I 2032 har Bygland lykkast med å bruke *det grøne skiftet* til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor. Utvikling og bruk av ny teknologi har bidrege til reduserte utslepp av klimagassar.

Eit godt samarbeid mellom næringsliv og det offentlege har ført til at nye og attraktive arbeidsplasser er etablerte i kommunen.

Gjennom anskaffingar og innkjøp står kommunen opp om lokalt næringsliv. Det er fokus på miljøkonsekvensar ved anskaffingar. Sirkulær økonomi er eit hovudprinsipp for næringsutvikling og vekst.

Kommunen har utnytta moglegitene innan digitalisering og automatisering. Næringsstrukturen er meir variert og næringsdrivande står opp om kvarandre og er sterke saman. Dette har bidrege til at fleire er i arbeid og til betre levekår.

Kommunen har lykkast med å bruke naturressursane sine til å skape nye og framtidsretta produkt, løysingar og tenester. Ei bevisst satsing på lokale kompetansemiljø knytt til skog- og trenæringa har skapt sysselsetting der ressursane er.

Landbruksnæringa er livskraftig og kulturlandskapet er halde i hevd. Matjorda er trygga gjennom god forvaltning av areala.

Bygland har vakse som destinasjon for reiseliv og opplevingar. Byglandsfjorden er godt forvalta gjennom turisme og nye arbeidsplassar innan marin næring. Dei marine kunnskapsmiljøa er styrka.

Kommunane i Setesdal er offensive innanfor e-helse og velferdsteknologi til det beste for brukarane og dei tilsette.

Bygland har ein sterk entreprenørskapskultur med gode vilkår for vekstkraftige gründerbedrifter i kommunen. Næringsliv og gründerar har tett og god dialog med administrasjonen i kommunen.



EPLE PÅ LONGERAK. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Mål og vegen til målet

Mål mot 2032	Vegen til målet
1 Fleire robuste små og mellomstore bedrifter er etablert	<ul style="list-style-type: none"> a Vere ein god vertskommune og legge til rette for nye næringer som tilfører kommunen eit større mangfold av arbeidsplassar. b Legge til rette for bruk av ny kommunikasjonsteknologi og ligge i forkant av den digitale utviklinga i etablering og utvikling av arbeidsplassar. Du skal kunne i bu i Bygland kommune og jobbe kvar du vil. c Tidleg identifisere behovet for nye område eller lokale for industri og næring gjennom tett dialog mellom kommune og næringsliv. d Ta inn entreprenørskap i skulen. Skape kultur for gründerverksemd - la «gründerhjernane» få utfalde seg i skulen. e Nytte næringsfond som stimulering til nærings- og samfunnsutvikling. f Støtte opp om og vidareutvikle Setesdal Vekst. g Arbeide for å få nye offentlege arbeidsplassar til kommunen.
2 Verdiskaping er basert på berekraftig bruk av menneskelege ressursar og naturressursar	<ul style="list-style-type: none"> a Støtte opp om landbruket og ta vare på kulturlandskapet, mellom anna gjennom auka bruk av beitedyr. b Bygge vidare på og forsterke kompetansemiljøet innan skogbruk, og nytte tre som råvare. c Støtte opp om lokalmatproduksjon og nisjebedrifter. d Sikre framtida ved å ta vare på matjorda og andre naturressursar, både gjennom kommunale vedtak og i arbeidet med å påverke statlege avgjersler. e Støtte opp om effektiv energibruk. f Kommunen skal gi god og framtidsretta rådgjeving til landbruket med fokus på berekraft og miljø.
3 Kommunen er eit reisemål som synast på kartet og reiselivsnæringa bygger på naturbaserte opplevelingar	<ul style="list-style-type: none"> a Legge til rette for utvikling av småskalaturisme, kortreiste matopplevelingar, aktivitetar og kulturtilbod for besøkande. b Kommunen skal marknadsføre Setesdal som aktivitets- og opplevingsarena for tilreisande og bidra til opplevelingar som styrker Setesdal sin profil. c Utnytte potensialet i Byglandsfjorden gjennom god forvaltning og tilrettelegging for fastbuande og tilreisande.
4 Kommunen si drift er berekraftig	<ul style="list-style-type: none"> a Så langt mogleg handle lokalt og på den måten fremje lokalt næringssliv. b Ha livsløprekneskap på innkjøp og anskaffingar både med fokus på økonomi og miljø. c Sørge for at berekraftig utvikling blir eit overordna prinsipp i kommunen si planlegging og verksemd, og etterspørje miljøvenlege løysingar ved kjøp av varer og tenester.



BYGLANDSFJORD. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Utdanning og kompetanse

Framtidsbilete

I 2032 er Bygland ein kommune prega av god helse og høg deltaking i arbeidslivet. Fleire kvinner jobbar heiltid, fleire innvandrarar og menneske med nedsett funksjonsevne er i jobb. Det er svært få arbeidsledige og unge uføre. Det er fleire som fullfører utdanning, og deretter går rett ut i heiltidsjobb. Sosial ulikskap i gjennomføring av høgare utdanning er sterkt redusert.

Barn, elevar og studentar opplever god samanheng i heile utdanningsløpet. Alle barn og unge har eit skule- og barnehagemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Trivsel og gode levekår gir grunnlag for at alle barn og unge får oppfylt sitt potensiale til læring. Dei som har spesielle behov, blir tidleg identifiserte og får kvalifisert hjelp.

Det er fokus på å gi barn og unge lærelyst og kompetanse som fremmar demokrati, medborgarskap, god folkehelse, livsmestring og berekraft. Tilsette i barnehage og skule har naudsynt og oppdatert kompetanse.

Livslang læring blir vektlagt for å oppretthalde eit kompetansenivå som speglar behova i samfunnet. Det er ein god balanse mellom tilbod og etterspurnad av kompetanse på arbeidsmarknaden.

Distriktsvenlege og desentraliserte tilbod om høgare utdanning har skapt gode føresetnadar for kompetanseutvikling, også for dei som ikkje bur sentralt.



LONGERAK KRAFTSTASJON. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Mål og vegen til målet

Mål mot 2032	Vegen til målet
1 Barnehagar, skular og bedrifter fremmar kultur for læring, helse og trivsel	<ul style="list-style-type: none"> a Utruste skuleelevar med kunnskap om nye teknologiar og digitalisering. Kompetansebygginga må starte tidleg i grunnskulen og utviklast i eit tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv. b Legge til rette for at skulebygg og områda rundt kan brukast som arena for fritids- og kulturtilbod for alle, til både organisert og eigenorganisert aktivitet. c Kommunen skal gje alle barn høve til å utnytte potensialet sitt ut i frå sine føresetnader og styrke fokuset på inkludering i barnehagen og skulen. d Vurdere skulestrukturen med omsyn til trivsel og læring.
2 Sysselsettinga har auka, særleg for utsette og marginaliserte grupper	<ul style="list-style-type: none"> a Fokus på tidleg innsats og å bryte negativ sosial arv. b Kommunen spelar på dei menneskelege ressursane for eksempel gjennom samarbeid med Frivilligsentralen. c Legge til rette for arbeidstrening for innbyggjarar med spesielle behov gjennom tverrfagleg samarbeid. d Motarbeide utanforskap og skape gode arbeidsmiljø.
3 Det er god balanse mellom tilbod og etterspørsel etter kompetanse i arbeidsmarknaden	<ul style="list-style-type: none"> a Jobbe aktivt for å rekruttere fleire lokale ungdomar inn i næringar som er viktige for Bygland, mellom anna gjennom å auke talet på lære- og praksisplassar spesielt innan utdanningsprogram der det er behov for arbeidskraft. b Tettare samarbeid mellom skulen og næringslivet gjennom besøk, yrkespraksis, arbeidsdagar o.l. c Ha god kontakt med innbyggjarar som er i utdanningsløpet, for å leggje til rette for at dei kan velje Bygland i framtida. d Profilere Bygland kommune som attraktiv bu- og arbeidskommune og vere synleg på rekrutteringsarenaer. e Vere ei drivkraft i samarbeidet i Setesdal om å dele kunnskap og utvikle gode tenester. f Ta til oss impulsar frå omverda og samarbeide om å ta i bruk ny teknologi, både når det gjeld kompetansebygging og fasilitetar.
4 Fleire elevar og studentar gjennomfører vidaregåande opplæring, fagskule og høgare utdanning	<ul style="list-style-type: none"> a Etablere gode rutinar for samarbeid i overgangane gjennom heile utdanningsløpet. b Arbeide for distriktsvenlege fagskuletilbod, tilbod om høgare utdanning og kompetanseheving. c Samarbeide med KVS Bygland med omsyn til utdanningstilbod og trivsel for elevane. d Legge til rette for at innbyggjarane kan bruke kollektivtransport til utdanningstilboda i regionen.



BYGLANDSFJORD OPPVEKSTSENTER. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Kultur, idrett og friluftsliv

Framtidsbilete

I 2032 har Bygland eit rikt kulturliv basert på openheit og inkludering. Frivillig og offentleg sektor samarbeider målretta for å styrke tilbodet innan kunst, idrett og kulturarv. Alle innbyggjarane har like moglegheiter for å delta og utvikle eigne kreative evner og talent.



FJORDLIV. FOTO: OLAV SKEIE

Naturbaserte opplevingar og den unike kulturarven gjer Bygland til eit attraktivt reisemål. Eit auka tal på menneske frå inn- og utland vel difor å feriere her.

Fleksible tilbod av produksjons- og øvingslokale og opplæring i entreprenørskap, gjer regionen særleg attraktiv for kunstnarar, kulturarbeidrarar og kreative næringar.

Bibliotek, kulturskule, fritidsklubb og idrettsanlegg er sentrale arenaer for sosialt fellesskap, breiddeaktivitet og talentutvikling. Innsatsen frå tilsette og frivillige har gjeve innbyggjarane betre livskvalitet og betre helse.

Kulturarven blir godt forvalta og er med på å styrke den lokale identiteten og stoltheita. Ny bruk og gjenbruk av verneverdige bygg bidreg til god klima- og miljøforvaltning.

Innbyggjarane har gode opplevingar i naturen både langs merka stiar og løyper og i nærmiljøet sitt. Det er lett å kome seg på tur i Bygland. Byglandsfjorden og heievatna blir godt forvalta i tillegg til å vere mykje nytta som friluftsområde. Meir fysisk aktivitet har gjeve ei betre folkehelse.

Mål og vegen til målet

Mål mot 2032	Vegen til målet
1 Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> a Ta i vare dei gode kultur- og idrettsarenaene vi har. b Utvikle nye samarbeidsformer og idear når det gjeld tilrettelegging av naturen gjennom arbeidet med sti- og løypeplanen, f.eks. etablering av sti- og løypelag. c Sikre verdifulle kulturminne og kulturmiljø for komande generasjonar gjennom oppfølging av temaplan for kulturminne. d Legge til rette for gode friluftsområde for bading og fisking rundt Byglandsfjorden. e Jobbe for at regulanten held eit nivå på Byglandsfjorden som er til det beste for bruk av fjorden.
2 Alle innbyggjarane opplever å ha god tilgang til eit breitt tilbod innan kultur, idrett og friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> a Sikre at alle barn har høve til å delta i fritidsaktivitetar, uavhengig av foreldra si inntekt. b Vidareutvikle biblioteka, kulturskulen, ungdomsklubben og idrettsanlegga som arenaer for aktivitet, læring, debatt, mangfold og inkludering. c Legg til rette og skape miljø for bruk av heia til jakt og fiske. d Tilby aktivitetar tilpassa alle aldrar og fysiske føresetnader.
3 Verdiskaping knytt til kulturarven har auka	<ul style="list-style-type: none"> a Det skal leggast større vekt på formidling av kulturarv i samspel med reiselivsaktørar, private personar, skule og frivillige lag og organisasjonar. b Legge til rette for at offentlege bygg og lokale blir brukt aktivt for å tilby kulturarbeidarar verkstadar, atelier o.l. c Utnytte potensialet i at kulturarven i Setesdal har fått plass på UNESCO si verdsarvliste. d Jobbe for at rv. 9 får status som nasjonal turistveg. e Samarbeide med Aust-Agder museum og arkiv om vern og vedlikehald av kulturarven. f Støtte opp om Bjoren og ruste opp dei gamle bryggeanlegga langs fjorden.
4 Frivilligheita er drivkraft i vidareutviklinga av kultur-, idretts- og friluftslivet	<ul style="list-style-type: none"> a Legge til rette for at lag og foreiningar kan nyte offentlege lokalar, idrettshallar og idrettsanlegg utan kostnadar eller til rimeleg leige. b Vidareutvikle Frivilligsentralen og støtte opp om det frivillige arbeidet.



VASSKI PÅ BYGLANDSFJORDEN. FOTO: OLAV SKEIE

Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

Framtidsbilete

I 2032 er transportsektoren i Bygland i stor grad elektrifisert og naudsynt infrastruktur for eit fullelektrisk samfunn er bygd ut.

Nye fleksible kollektivløysingar har bidrige til å dempe veksten i personbiltrafikken. Gang- og sykkelvegnettet er godt utbygd og det er enkelt å gå og sykle til arbeid, barnehage, skule og handels- og servicetilbod. Auka fysisk kvarldagsaktivitet har bidrige til betre folkehelse.

Systematisk utbygging av digital infrastruktur har gjort at alle har tilgang til fullverdige tele- og kommunikasjonsløysingar.

Naudetatane er til stades i kommunen og gjev tryggleik for innbyggjarane.

Bruk av velferdsteknologi gjer at kommunen kan tilby auka tryggleik i kvardagen og auka tilgang til spesialisthelsetenesta lokalt.

Klimatilpassing er innarbeidd i all planlegging. Skadeomfang på kommunikasjonsinfrastruktur som følge av ekstremvær, er betydeleg redusert.

Samfunnstryggleik og beredskap er samordna mellom kommune, fylke og stat. Dette har bidrige til eit robust kraft- og telekommunikasjonsnett.



LAUVDAL. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Mål og vegen til målet

Mål mot 2032	Vegen til målet
1 Det er etablert miljøvenlege, sikre og universelt utforma mobilitetsløysingar	<ul style="list-style-type: none"> a Vere pådrivar for eit betre kollektivtilbod i kommunen. b Arbeide for utbetring av vegar som er viktige for at Bygland kommune skal vere del av eit større og meir dynamisk bu- og arbeidsområde, som rv. 9 og Ose bru. c Redusere talet på ulukker gjennom haldningsskapande arbeid og utbetringstiltak på veg og trafikkmiljø. d Ta i bruk mobilitetsløysingar for å ta i vare befolkninga sitt transportbehov i område der det ikkje er marknad for konvensjonelle tenester.
2 Talet på reiser som blir gjort til fots, med sykkel og kollektivt har auka	<ul style="list-style-type: none"> a Prioritere gang- og sykkelvegar i areal- og transportplanlegginga, slik at det blir meir attraktivt å gå eller sykle. b Trygge ferdsel langs skuleveg og på fritida gjennom auka utbygging av gateljos.
3 Den digitale infrastrukturen er robust og har god kapasitet	<ul style="list-style-type: none"> a Halde fram med å ta i bruk ny teknologi i utviklinga av kommunale tenester. b Legge til rette for framtidsretta digitale løysingar for alle husstandar og bedrifter. c Sikre beredskapen gjennom eit robust naudnett og lokale naudetatar og legevakt.
4 Naudsynt infrastruktur for eit lågutslepps-samfunn er bygd ut	<ul style="list-style-type: none"> a Bygge fleire ladestasjonar for klimavenleg mobilitet. b Iverksette tiltak for at kommunal transport blir utslepps fri. c Iversette tiltak for å redusere utslepp frå bygging, drift og vedlikehald.
5 Infrastruktur for transport og kommunikasjon er tilpassa klimaendringar og ekstremsituasjonar	<ul style="list-style-type: none"> a Jobbe systematisk med skade- og ulykkesførebygging på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor. b Ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging, og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanen. c Sikre at beredskapsarbeidet blir godt innarbeidd i organisasjonen, og sikre eit godt samarbeid med andre offentlege aktørar. d Ta omsyn til overflatevatnproblematikk i planlegginga, og prioritere oppgradering av infrastruktur under bakken. e Sikre samfunnet sitt behov for transport og kommunikasjon ved kriser.

Vegen vidare

Kommuneplanen sin samfunnsdel er retningsgjenvande for ønska utvikling i kommunen både når det gjeld samfunnsutvikling, forvaltning og tenestelevering. Der arealdelen er juridisk bindande er samfunnsdelen politisk forpliktande. For at samfunnsdelen skal fungere som eit politisk styringsdokument, må han gje føringar for både arealdelen, kommunedelplanar og økonomiplanen.

Økonomiplanen er kommuneplanen sin handlingsdel på mellomlang sikt og årsbudsjettet på kort sikt. Økonomiplanen skal difor vise korleis satsingane i kommuneplanen er handtert. Kor raskt og i kva grad kommunen kan oppfylle målsettingane i kommuneplanen, er naturlegvis langt på veg avhengig av kommunen sin økonomi. I stor grad er det sentrale styresmakter som set rammene for det kommunale handlingsrommet, både ved å pålegge oss oppgåver og ved å avgrense inntektene. Dagens system gjev dessverre kommunane lite føreseielege rammer.

Det er viktig at kommunen heile tida legg vekt på rasjonell drift og organiserer seg slik at vi kan handtere dei oppgåvene og utfordringane vi vil møte. Sjølv om rammevilkåra for kommunane i alle fall til ein viss grad er avhengig av samansetninga på Stortinget, er det i dag ikkje signal som seier at kommuneøkonomien blir romslegare i åra som kjem.

Vi må difor sjølve arbeide for å skaffe oss handlingsrom både for å kunne gjennomføre tiltaka i kommuneplanen og for å møte dei utfordringane vi ikkje har styring med. Ein låg vekst i frie inntekter og negativ utvikling i

folketalet er ei stor utfordring for kommuneøkonomien. Desse utfordringane er det mange kommunar som har.

Framover må vi ha eit sterkare fokus på eit tettare samarbeid med det private næringslivet og frivillige lag og organisasjoner, for å skape ei positiv utvikling.

Samfunnsdelen legg viktige føringar for revisjon av vedtekne planar og utarbeiding av nye kommunedelplanar. Desse inneholder viktige føringar for utvikling av kommunen både på lang sikt og i den komande fireårsperioden. Her finn de meir konkrete handlingsdelar og plassering av ansvaret for oppfølging.

Med bakgrunn i måla i samfunnsdelen er det behov for å tydeleggjere ein handlingsdel og plassere ansvar gjennom å vurdere behov for revidering av gamle planar og utarbeiding av nye kommunedelplanar. Dette er det naturleg å sjå på i samband med utarbeiding av ny planstrategi.



SOMMARGJEST. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ

Overordna arealstrategi

Innleiing

Vedteke planprogram for revidering av kommuneplanen seier at det skal bli utarbeidd ein arealstrategi som del av samfunnsdelen. Arealstrategien er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen, og skal angi hovudprinsipp for den langsiktige arealbruken og arealforvaltninga i Bygland.

Punkta nedanfor er basert på måla som er sett i samfunnsdelen. Dei er teke med for å synleggjere at dei krev oppfølging gjennom arealplanlegginga. Arealstrategien skal leggast til grunn for revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og skal gi føringar for plan- og byggesakshandsaminga i kommunen.

Arealstrategi

- Tilrettelegging for ein aktiv kvardag gjennom å bevare grøntområde, legge til rette for friluftsliv og sikre gode aktivitetsarenaer for menneske i ulike livssituasjonar/-fasar.
- Spesielt i strandsona er det viktig å vektlegge natur- og kulturmiljø, anledning for friluftsliv, bevaring av landskap og vassdragsmiljø, samstundes som bygder og grendelag får utviklingsmoglegheiter.
- Etablere og utvikle uformelle møteplassar og lågterskel-tilbod som nærmiljøanlegg og leikeplassar, spesielt for born og unge.
- Setje fokus på å bevare og utvikle Bygland kommune sin historie og kulturarv.
- Utvikle to sentra, Bygland og Byglandsfjord, og støtte opp om initiativ i bygdelaga.
- Legge til rette for ein variert landbruksstruktur med små og større bruk. Beite- og utmarksressursane skal kunne utnyttast også i framtida.
- Skape attraktive sentrumsområde for innbyggjarar, tilreisande og næringsdrivande innanfor handel og service gjennom å legge til rette for aktivitet i eksisterande bygningsmasse, attraktivitet, trivsel og miljøomsyn.
- Sikre tilgang til attraktive næringsareal og kontorlokale for leige og sal. Nye utbyggingsareal skal i størst mogleg grad lokalisera til eksisterande tettstadar og bygder, og vere med på å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø.
- Ved planlegging av nye bustadområde eller anna utbyggingsareal, skal det leggast til rette for miljøvennlig transport, og tilgang på gang-, sykkelveg og trygg skuleveg.
- Framtidig arealplanlegging må ha fokus på samfunnstryggleik og ta høgde for faktorar som auka flaum og skredfare, hyppigare ekstremver, samt auka klimapåverknad på bygg og infrastruktur.
- Arealplanlegginga skal legge til rette for eit minimum av dispensasjonssaker og følgje ønska samfunnsutvikling og vere tilpassa denne.



Bygland kommune

Sentrum 18
4745 Bygland

37 93 47 00

www.bygland.kommune.no



HEISFOSSEN. FOTO: KATHE MERETE KJETSÅ